

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 · 2022  
93. årgang



*God jol!*

## Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

## Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

## Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Kyrkjeverje og

ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Assisterande kyrkjeverje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Kjetil Bergheim, Kantor

918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Ingunn Liseter, Diakon

976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

## Kyrkjeternarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

## Seljord sokneråd

Berit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

berit.telnes@seljord.kommune.no


## Heimeside

www.seljordkyrkje.no

# Å gøyme noko i hjartet sitt, og grunda på det

Lukas 2

«15 Då englane hadde fare tilbake til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» 16 Så skunda dei seg dit og fant Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. 17 Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som var blitt sagt dei om dette barnet. 18 Alle som høyrdet på, undra seg over det gjetarane fortalte. 19 Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.»



To gonger i Lukasevangeliets 2. kapittel får me vite at Maria – Jesu mor – gøynde det ho hadde hørt i hjartet sitt.

Den første gongen er når ho har hatt gjetarane på vitjing i stallen. Når dei hadde fortalt Josef og Maria alt det dei hadde fått høre av englane på betlehemsmarka, så seier Lukas at Maria gøynde alt dette i hjartet sitt.

Den neste gongen Lukas tek dei sameorda i bruk, er når Jesus vitjar tempelet som tolvåring, og vart borte for foreldra sine. Då Josef og Maria etter mykje leiting fann guten sin, sa han desseorda til dem: «Kvífor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg må vera i huset å Far min?» Etter dette står det skrive at «... mor hans gøynde alt dette i hjartet sitt.»

Kva vil det seie å gøyme noko i hjartet sitt? Kan hende det handlar om å tenke på? Tenke litt ekstra grundig? I samband med at Maria gøynde i hjartet sitt når gjetarane hadde vore på vitjing, står det at ho grunda på det. Me kunne kanskje seie at å gøyne

i hjartet er å grunde på det. I Salme 119 står det slik: «Eg vil grunda på dine påbod, festa blikket på dine stigar.» Å festa blikket på noko handlar og om å grunda på noko. Meditere er eit anna ord som kan vere med på å forklare uttrykket å grunde på – og å gøyne i hjartet sitt. Dessutan kan me gjerne ta omgrepet repetere i bruk – når eg grundar på noko så repeterer eg det gjerne – slik at eg til slutt kan hende har lært orda utanat.

Eldre bibelomsetjingar seier ikkje at Maria gøynde dette i hjartet sitt, men seier i staden at det var desseorda ho gøynde i hjartet sitt og grunda på. Denne omsetjinga svarar best til grunnteksta sine ord – men meiningsa vert den same i både omsetjingane.

I dag vert me utfordra til det same: Å gøyne Guds ord i hjartet vårt, og grunda på det. Når me arbeidar med gudsordet – grundar på det – vil Gud, ved sin heilage ande gjennom dette levande ordet få mogelegheit til å arbeid i og med oss.

DHU

 **Flatdal Handlaft as  
Telemark**

[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)

**3841 Flatdal  
Tlf 350 57005 Mob 971 53661**



**granvin kulturhus  
seljord**

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.  
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.  
Kjøp billettar på [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no) på grunn av smittevern.*

**Granvin Kulturhus AS**  
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80  
Epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no)  
[www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)

## Deilige er jorden?



Rammene rundt årets julefeiring er annleis enn på svært mange år. Krigen i Ukraina truger freden i heile vår region. Vi opplev aukande fattigdom og stadig fleir som slit økonomisk med å få endene til å møtast. Klimakrisa set øg sine spor. Kan vi også i år syngje «Deilige er jorden» med dette bakteppet? Det verker vanskelegare om vi ser rundt kvarandre. Alt er ikkje så deilig som det var.

Denne salmen ble skrevet berre nokre få veker etter at eit stort slag hadde funnet sted vårt granneland Danmark i 1850. Sytti tusen soldatar deltok, og mange døyde. Salmen kom først ut med tittelen «Pilegrimssong». Den er ei trassig protest, meir enn ei beskriving av verkelegheita vi lev i. Det siste verset slutar med «Fred over jorden, menneske fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Vi feirar jul fordi vi trur at det skjedde noko som fekk konsekvensar for vår urolege verden då Jesus vart fødd. Gud kom til jorda, og det endra vår situasjon.

I år er det åtti år sidan slaget om Stalingrad. Eit av dei største og mest avgjerande

slagene under 2. verdskrig, fann sted. Kurt Reuber var lege og tenestegjorde i den 16. panserdivisjonen på tysk side. Han var også ein gaverik amatørkunstnar. Like før jul i 1942 omgjorde han bunkerens sin på steppene nordvest for Stalingrad til eit atelier, og begynte å teikne på baksida av eit eroobra russisk kart – det einaste papirstykket han fann. Då teikninga var ferdig, hengde Reuber den opp i bunkerens. Bildet viser ei mor (madonna) som held sitt nyfødde barn tett inntil brystet sitt. Biletet blei eit alter for soldatane. Dei strøynte til, og de fekk ei jul dei aldri gløymte.

På dette biletet står det også tre ord som beskrev jula sitt innhald: Licht (Lys), Leben (Liv), Liebe (Kjærleik). Tre ord som beskrev han vi feirar i jula. Jesus er verdas lys. Et annleis lys som gjer at vi ikkje treng å vandre i stummande mørke sjølv om jorda ikkje er så fager som den var fordi Jesus har lova å gå med oss. Om det lyset står det også: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. (Joh. 1,5)».

Jula handlar også om Guds store kjærleik. Jesus er kjærleik. Vist for alle når han gir sitt liv for sine vene. Kjærleik er verdas

sterkaste kraft. Vi seier når vi feirar nattverd: «Deg være ære, for kjærleiken som er sterkeare enn døden.»

«Eg er Livet», seier Jesus. Aller tydelegast bevist når han står opp frå dei døde. Livet sigrar til slutt. Det er ikkje dødskreftene som får det siste ordet likevel. Ved Jesu oppstandelse har vi fått eit levande håp.

På grunn av noko som skjedde i vår historie for litt over to tusen år sidan, kan vi på tross av det vi opplever rundt oss av krevjande kriser likevel synge «Deilige er jorden. Menneske fryd deg. Oss er en evig frelsjer født!»

Ei velsigna jul!

*Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark*

**Gravsteiner Notodden**  
**Det skal lønne seg å handle lokalt**

Østlandets  
største  
utstilling  
og beste priser  
150 steiner  
i utstilling  
1-4 ukers  
leveringstid

Steinverksted på Notodden  
www.notoddenbegravelse.no  
Ingar Faane  
350 12 155

## Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



**Morgedal  
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

**KLÆR T.TVEITAN % INTERIØR-TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

# Babysong



## Velkommen til babysong

onsdag 11. januar  
onsdag 8. februar  
onsdag 15. mars  
onsdag 19. april  
onsdag 24. mai

Samlast me kl. 11 til ein halv time med song og leik på Misjonshuset i Seljord.

Babysong er ein hyggeleg måte å møte andre foreldre med små born på.  
Borna kan leike saman, og foreldra blir kjende med kvarandre.  
Alle lærer nye songar.

Ta gjerne med litt mat til deg og barnet ditt, så kan me eta føremiddagsmat etterpå.

Kom gjerne og del!

Fedre er også svært velkomne.

Håpar å sjå deg og barnet ditt!

**Adresse:** Brøløsvegen 10, 3840 Seljord  
**Spørsmål:** [babysangseljord@gmail.com](mailto:babysangseljord@gmail.com)  
**Kontaktperson:** Ingunn Liseter, tlf. 976 82 694

## Akk kom jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn

Joleevangeliet har mange aktørar: Josef, Maria, Jesus, Augustus, Kvirinius, englar, gjetarar og vismenn. Kvar på sitt vis spelar dei ulike roller i forteljinga.

Nokon av aktørane er synlege, medan andre er meir anonyme og usynlege.

Ein eller ei av dei heilt usynlege er han eller ho som opna døra til stall og krubbe for Maria og Josef. Denne personen veit me ikkje meir om enn det little tekstane fortel indirekte:

Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Salmediktaren Brorson har stall og krubbe heilt tydeleg i referanseramma for innhalde i salmen Mitt hjerte alltid vanker. Fleire stader i salmen dukkar stall og krubbe opp – direkte eller indirekte. I første strofa møter me Jesu føderom, medan neste strofe kretser kring omgropa Den mørke stall og Jesu kybbe. Og slik kunne me ha kommentert dei fleste strofene i denne salmen.

I dei to siste strofene lar Brorson stall og

krubbe bli assosiert med vårt hjarte – vårt inste – vårt sinn. Slik uttrykker Brorson dette:

Akk, kom, jeg opp vil lukke  
mitt hjerte og mitt sinn  
og full av lengsel sukke:  
Kom, Jesus, dog herinn!  
Det er ei fremmed bolig,  
du har den selv jo kjøpt,  
så skal du blive trolig  
her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene  
vil om din krybbe strø,  
for deg, for deg alene  
jeg leve vil og dø.  
Kom, la min sjel dog finne  
sin rette gledes stund,  
at du er født herinne  
i hjertets dype grunn!

Slik han eller ho som eigde stallen og  
krubba opna for Jesus, slik skal me opne  
vårt hjarte – vår krybbe – for Frelsaren som  
blei fødd i Betlehem.

God jol.

Dag Harald Undheim

**BYGGMESTER**  
**T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**  
**byggmester@live.no**



**AASMUNDSEN BAKERI**

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVARER**

## Øyeblink og evighet

Ta vare på dager, timer og øyeblink som renner, gjennom livets timeglass, og mellom dine fingre. Hva er vel dager, timer og øyeblink som gjennom timeglasset renner, hvis de ikke forsvinner?

Stopp ikke livets timeglass, for hva har du ellers? Et øyeblink som står stille er en evighet, men øyeblink som går og går er hva livet gir, og hva evighet får.

Hva mennesker om livet vet, er at mange øyeblink kan bli en evighet. Hva mennesker om livet ikke vet, er hvilket liv det blir i mellom øyeblink og evighet.

Det var av den trefoldige store mester som skapte denne jord at vi livet fikk, livet delt i mange øyeblink. Så vær da flittig hver kvinne og hver mann, og lev hvert øyeblink med kjærlighet. Da lønnes du igjen med lykke i all evighet.

Reidar Skogheim



Tysdagsklubben

**TYSDAGSKLUBBEN!**

Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

**VÅREN 2023**

Tysdag 10. januar  
Tysdag 14. februar  
Sundag 12. mars: Familiemesse i Seljord kyrkje  
kl 11.00.Tysdagsklubben tek del.  
Kyrkjebollar og saft  
Tysdag 14. mars  
Tysdag 18. april  
Tysdag 23.mai  
Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset (like ved Ungdomsskulen)  
Kontaktperson: Ingunn Liseter, tlf. 976 82 694

**DEN NORSKE KIRKE**  
Seljord kyrkjelyd

## Takk for gåva

Hjarteleg takk  
For gåva som blei gjeven ved Helge Lønnestad si gravferd.  
Seljord Røde Kors



Hjertelig takk  
for deltagelse, oppmerksomhet og  
medfølelse ved min mor,  
Inger-Margrethe Stanhardts biseittelse,  
d. 8. november, i Flatdal Kyrkje.  
Nicolai Stanhardt.

## Nokon å snakke med

Ingunn Liseter  
Diakon og trusopplærar i Seljord  
Epost: [ingunn@seljordkyrkje.no](mailto:ingunn@seljordkyrkje.no)  
Tlf: 976 82 694

Aut. Installatør

**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no) post@dyrud.no

**elfag**

*Når du trenger elektriker*

**S**eljordvarme.no  
Spesialister på peis og varme!

Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | [post@seljordvarme.no](mailto:post@seljordvarme.no)

## Konfirmant 2023

29. oktober var det Konf.Kick-off i Husdyrhallen på Dyrskun i Seljord. Fleire hundre konfirmantar og rundt 50 ungdomsleiarar i Øvre -Telemark, vart samla til ein kveld med show og konkurransar, ymse aktivitetar og SKUMPARTY!(Sjå biletet). I kiosken var det travelt med tilreiing og sal av nachos, nystekte vaflar og mykje anna godt til svoltne konfirmantar og leiarar.

Takk for innsatsen og oppmøte til vi sjåast.

24.mars er nest samling for saman med dei nokre av dei andre konfirmantane på Granvin Kulturhus med temaet Kirkens Nødhjelp og fasteaksjonen 2023. Meir informasjon kjem.



*Kick-off på Dyrskuplassen*



*Bilete fra skumparty i Husdyrhallen.*

## Konfirmantar 2022-23



Førebuingane til konfirmantåret 2022-23 er i gang.

Til saman har 23 ungdomar meldt seg til kyrkjeleg konfirmasjon – 13 gutter og 10 jenter.

Diakon/trusopplærar Ingunn Liseter er ansvarleg for konfirmasjonsopplæringa. Slik er planen for sjølve konfirmasjonshandlingane:

- Konfirmasjon Flatdal og Åmotsdal: Sundag 20. august kl 11,00 (Flatdal) og 13,00 (Åmotsdal)
- Konfirmasjon Seljord: Laurdag 26. og sundag 27. august

Konfirmantane vart presenterte på høgmesse i Flatdal kyrkje sundag 13. november 2022. Då fekk dei utlevert kvar sin konfirmasjonsbibel.

Me vil gjerne oppmode kyrkjelyden til å hugse konfirmantane og konfirmantarbeidet i bøn.

## Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal



Velkommen til dåp i kyrkjene våre – Manndal, Åmotsdal, Flatdal eller Seljord.

### Kjære foreldre.

### Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar vil gjerne dele gleden med dere og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal, Svartdal eller på Nutheim).

Tidligere fikk kirkekontoret tilsendt fødselsmeldinger fra sykehusene slik at vi kunne sende invitasjoner til de nybakte foreldrene, men det har vi ikke anledning til lenger på grunn av personvernloven.

#### Når

De fleste døpes i løpet av de tre første månedene, men noen barn er eldre. Og nesten hvert eneste år har vi dåp av konfirmanter som ikke ble døpt som barn, men som velger å tilhøre kirken gjennom dåp og konfirmasjon.

#### Hvordan

Når dere har bestemt dere for dåp, går dere inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gang og registrerer opplysninger der. Her ser dere hvilke datoer som er aktuelle for den enkelte kirke.

#### Valg av navn

Barnets navn registreres i Folkeregisteret, før dåp.

#### Faddere

Barnet må ha to til seks faddere. Disse må være over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt være medlem i Den norske kirke. Å være fadder innebærer å hjelpe barnet til kristen tro, men det viktigste er å ha omsorg for det. Fadderne kan gjerne bidra med tekstlesing eller andre gjøremål under dåpen.

#### Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert,

får dere en bekrefteelse på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med de ansatte på kirkekontoret som ligger i 2. etasje på Brøløsvegen 48, eller via tlf og e-post. Se gjerne også Den norske kirkes hjemmeside, [www.kirken.no/](http://www.kirken.no/) dåp.

*«Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet,  
kommer vi til deg som ga oss livet.»*

Dåpssalme 586 i Norsk salmebok

## Restaurerte kyrkjeportar



Dei to kyrkjegardsportane ved Seljord kyrkje har blitt restaurerte i haust. Det var ein del roteskade, så arbeidet var omfattande. I dagens standardiserte samfunn var det vanskeleg å få tak i same type materialar som det var blitt brukt på portane då dei blei sette opp, truleg for over hundre år sidan. Olav Golid tok på seg jobben, og resultatet blei veldig bra.

JS

## Misjonsjubileum



Bilde frå 150 års jubileet til Seljord misjonsforening som blei feira på misjonshuset 23. oktober. Det blei servert lapskaus og kaffi og kake, og det var foredrag med historikk, personlege minne, og helsingar til jubilanten.

### VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

[Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

## 7. klassingar på besøk

I haust var 7. klasse ved Seljord skule på besøk i Seljord kyrkje og ute på kyrkje-gården. Temaet dei fekk orientering om var gravferd. Dei fekk høre om korleis gravferdene går føre seg i kyrkja og på kyrkjegården, og om tradisjonen med gravminne av ulike slag. Dette besøket kom i tilknytting til Helgemesse, som er ei messe der vi minnast dei døde.



## Kvardagsopen kyrkje i Seljord

Soknerådet ønsker at kyrkja i Seljord skal vere meir open, slik at dei som vil kan gå inn og setje seg ned for å vere stille i kvardagen.

Kyrkja i Seljord har i haust vore open kvardagar mellom 08.00 - 15.00. Denne ordninga blei avslutta frå og med 01. november.

Soknerådet har vedteke at ordninga skal trå i kraft igjen 14. april 2023, og skal då halde fram til 14. oktober 2023. Desse datoane representerer hhv start og slutt på sommarhalvåret etter primstaven.

Vil du inn i kyrkja utanom denne tida, kan du kontakte Seljord kyrkjekontor.

DHU



## Konfirmantjubileum 2023

Kyrkjekontoret har motteke førespurnad om det vil bli konfirmantjubileum hausen 2023. Svaret på dette er ja.

Det blir samling for dei som blei konfirmerte i 1972 og 1973. Samlinga vert i Seljord sundag 15. oktober 2023. Denne sundagen vert det eigen jubileumsgudsteneste i Seljord kyrkje kl 11.00. Etter messa vert det samling på misjonshuset med mimring og servering.

Kyrkjekontoret vil sende ut innbyding til dei me har adressa til. Dette vil me gjere ute på nyåret 2023. I denne innbydinga vil me leggje ved namneliste for alle som blei konfirmerte desse åra, slik at den einskilde eventuelt kan vere hjelpsam med å finne adresse til dei me ikkje har adresse til.

Førre konfirmantjubileum blei kombinert med klassetreff på laurdagen. Dette oppmodar me gjerne til å gjenta – men slikt treff – og eventuelt anna program på sundagen enn gudsteneste og samling på misjonshuset må kulla stå for sjølve.

**Vel møtt til samling 15. oktober 2023.**

# Sorggruppe



Mange er våre  
tårer, her, blant de  
tusen spørsmål.  
Gud, du som ser vår  
dype sorg, vi ber deg:  
Vær du vår trøst!»

## Sorggruppe startar i januar 2023 saman med Kvitseid. Ta gjerne kontakt med diakon Ingunn Liseter.

Sorg er ei naturleg kjensle når ein har mista ein av sine nære.  
Sorg og sakn kan vera ein lang prosess og ei tid med store endringar.

«Alt ble med ett så stille, livet er helt forandret.  
Døden har banket på vår dor og sorgen har fylt hvert rom.»  
Svein Ellingsen

**VI HER FOR DEG OM DU TRENG;**  
Behov for nokon å snakka med?- Ein lyttar? – Forbøn?  
Tilbodet er gratis og vi har teiesplikt.

**Sokneprest**  
Dag Harald Undheim  
Tlf: 907 78 921  
E-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

**Diakon/trusopplærar**  
Ingunn Liseter  
Tlf: 976 82 694  
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Den norske Kyrkja i Seljord



<https://www.kirkens-sos.no/telemark>  
<https://www.soschat.no/>  
<https://www.kirkens-sos.no/melding>  
<https://www.kirkens-sos.no/telefon>

Tilgjengeleg for deg heile døgnet

## Adventsmesse på Nes bedehus

Tradisjonen tru vil det også i år bli adventsmesse på Nes bedehus – tredje sundag i advent – 11. desember kl 11.00. Dette er ein gamal tradisjon som har holdt seg levande gjennom mange år, og som har stadfesta si rett til å overleve gjennom aukande oppslutnad dei siste åri.

Messa har eit litt forenkla gudsteneste-program, med salmar, ljostenning, skriftlesing, bøn og andakt.

Når messa er slutt, vil det vere servering av kaffi og kakur, og god tid til sosialt samvær kring borda.

**Alle er hjarteleg velkomne.**

DHU



Biletet syner samling kring kaffibordet frå tidlegare år på adventsmessa på Nes bedehus.

## Joledikt av Sigurd Nes (1846 – 1915)

### Julen

Hør Kirkeklokker kimer, de Julebudskab bær  
En stille Høytidstime paa Jorden kommen er  
Fra Himlens store Rige en Gjest er kommen ned.  
Han har et Ord at sige til oss om Hjelp og Fred.

Vi ham vort Offer bringer, med Tak i ydmyg Bøn  
Men Sang og Klokker klinger, velkommen du Guds Søn  
Nu tendes Lys paa Jorden, i Syndens sorte Nat  
Er Jesus Lyset vorden, til frelse for os sat.

Eg fekk dette diktet av Kristoffer Hoff då me hadde den årlege adventsmessa på Nes bedehus i 2020. Det passar å trekke dette vesle jolediktet fram i Helg og Høgtid sitt jolenummer.

Sigurd Nes var født på Telnes i 1846. Han var eitt år yngre enn broren, Jørund, som overtok garden. Sigurd kjøpte etter kvart Sundbø i Flatdal, og skreiv seg då for Sigurd Sundbø, før han endra namn til Sigurd Nes etter å ha kjøpt Ytre Nes på Garvikstrondi.

BLT

## Jol i kyrkja 2022



Flatdal kyrkje

Advent og jol er kyrkjetid. Me vil ønske deg velkommen til desse samlingane i kyrkjene våre:

- 27. november kl 11.00: Adventsmesse i Flatdal kyrkje
- 27. november kl 17.00: Ljosmesse i Åmotsdal kyrkje
- 04. desember kl 11.00: Adventsmesse i Seljord kyrkje
- 11. desember kl 11.00: Adventsmesse på Nes bedehus
- 18. desember kl 19.00: Adventsmesse på Nutheim.
- 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Flatdal kyrkje
- 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Seljord kyrkje
- 25. desember kl 12.00: Høgtidsmesse i Seljord kyrkje
- 28. desember kl 17.00: Jolegudsteneste i Åmotsdal kyrkje

På adventsmessene i Flatdal, Åmotsdal og Seljord vil det vere utdeling av jolehelsing til 5 og 6 åringer.

**Velkommen til kyrkje advent og jol 2022.**

## Jolegudsteneste i Manndal kapell



Manndal kapell i vinterprydnad.

Tradisjonen tru skal det vere gudsteneste i Manndal på nyåret – nærmere bestemt sundag 8. januar 2023 kl 17.00.

Etter messa vert det servering, og er det nok folk til joletragang, tek me oss sjølvsagt tid til det.

**Velkommen til Manndal kapell.**

## Slekters gang

### Døypte

#### Seljord

Ingrid Haugan Versto  
Thale Dyre Aanonsen  
Hedda Torvetjønn Roheim  
Magnus Kvålo  
Flatdal  
Even Rue  
Tuva Skori Aarhus  
Elise Aasan

### Vigde

#### Flatdal

Yvonne Lundestad og  
Hans Magnus Undheim

### Døde

#### Seljord

Else Våle  
Olav Dale  
Leiv Skar Bjørge  
Sissel Thorsen

#### Flatdal

Kjell Barstad  
Inger-Margrethe Stanhardt

## Føremiddagstreff

**Føremiddagstreff Sion Flatdal**  
onsdag kl. 11:00  
15. februar, 15. mars, 12. april  
og 10. mai.

**Føremiddagstreff Misjonshuset Seljord** fredag kl. 11:00  
27. januar, 24. februar, 31. mars,  
og 28. april.

## Nytt frå soknerådet



Vinje kyrkje

2022 er snart historie, og dette året skil seg ein del frå tidlegare år både nasjonalt og lokalt. Krig i Ukraina og ein straummarknad som over tid har vore prega av lite nasjonal styring gjer at prisane stig både på straum og mat. Auka straumprisar blir til ei viss grad kompensert frå Regjeringa dette året, men skulle straumprisane framleis vera så høge som me har sett denne hausten, kan me måtta setja i gang sparetiltak også i kyrkjene våre.

Krigen i Ukraina gjer at også Seljord har tatt imot flyktningar frå dette landet. Me er glade for at dei ser ut til å bli integrert på ein god måte, og oppmodar alle til å ta godt imot både dei og dei andre flyktningane som bur i kommunen vår.

Seljord sokneråd formulerde ein visjon for arbeidet vårt, då me starta på denne

fireårsperioden. Den lyder slik: Kyrkje for alle.

Denne visjonen kan delast opp i to sider:

1. Eit ynskje om at alle innbyggjarane i bygdene våre får ein personleg relasjon til kyrkjebygget og kyrkjegarden som sin eigen.
2. Eit ynskje om at fleire må bli kjent med Jesus og fylgje Han.

For å nå denne visjonen vil me halde fram med aktivitetar for barn og unge, så som Tysdagsklubb og Babysong, og Ungdomsklubb og konfirmantarbeid. Så håpar me å få sett i gang andre aktivitetar også; for alle aldrar.

Denne hausten hadde nemnda for Rønjomjubileet avslutning med tur til tre Rønjomkyrkjer og Vest-Telemark museum. Dette gjekk føre seg 23.september, og vart eit svært vellukka arrangement. Me var rundt 50 personar frå heile Telemark; i tillegg til nokre frå Agder, som drog av stad med Kjetils Tur og privatbilar. Me fekk omvising i Åmotsdal og Vinje kyrkjer. Jarand Rønjom var sjølv arkitekt og byggmeister for desse kyrkjene.

Turen gjekk også til Rauland kyrkje som Halvor Høgkasin var byggmeister for etter å ha arbeidd saman med Rønjom på dei to andre kyrkjene. I denne kyrkja fekk me ein minikonsert med Lars Erik Øygarden. Han spela hardingfele og fortalte mellom anna soga om Førnesbrunen. På Vest-Telemark museum fekk me nydeleg kald-tallerken, og det vart høve til å sjå utstilling av arbeida til Jarand Rønjom. Museet har gjeve ut

ei bok om denne tusenkunstnaren frå Åmotsdal. Den høver godt til jolegåve, og kan kjøpast både på Seljord kyrkjekontor og i bokhandelen i Seljord for kr 360,-


Det neste eg vil nemne frå denne hausten er 150-års jubileet for Seljord misjonsforening. Me hadde festgudsteneste i Seljord kyrkje der det var prosesjon med flagg frå fleire av dei landa NMS arbeider i. Både ordførar og varaordførar tok del i messa med skriftlesing. Så held festen fram på Misjonshuset. Der fekk rundt 60 personar servert lapskaus med heimebaka braud, kaffi og kake. Det var tale om misjonsarbeidet i dag, og historisk tilbakeblikk i tillegg til song og musikk.

Seljord sokn har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap som driv arbeid i Etiopia for barne-, og mødrehelse. I samband med jubileet fekk me inn til saman kr. 17 265,-. Det var gåver frå Seljord kommune (kr. 5000,-) og Sion Flatdal (kr. 1000,-) i tillegg til offer både i kyrkja og på Misjonshuset. Dette blir alt saman sendt til NMS som gavé

frå Seljord kvinneforening. Me takkar så mykje på vegne av kvinner og barn i Etiopia!

Så ynskjer eg dykk alle vel møtt i kyrkjene våre både i samband med jolefeiringa, og i 2023.

Berigt Lisleåsheim Telnes



Vinje kyrkje




**En jul å  
glede seg til**

Mange familier går en tøff tid i møte.  
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

**VIPPS** en gave til **13130**  
Gi på konto **3201 52 74165**

**Blå Kors**

# Diakoni



*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.*

Diakoni er evangeliet i handling, ei praktisk teneste, også kalla kyrkjas kroppsspråk. Den hevar kjærleiken og omsorga for nesten,- i kvardagen der menneska lever og for jorda vi bur på.

## DEI FIRE SØYLANE I DIAKONI

**NESTEKJÆRLEIK:** Vi er gjensidig avhengig av kvarandre. Alle treng å bli møtt med nestekjærleik og medkjensle. Vi skal inspirere og vera opne, gjestfrie og rause for alle menneske, så alle skal kjenne seg velkomne. Jesus er førebiletet, og han utfordrar oss med orda; «Det dere gjorde mot ein av mine minste....» og «Kva vil du eg skal gjere for deg?» (Johannes 13.1-17 og Matteus 25. 34-40). Den gylne regel er eit godt døme å leva etter.

## INKLUDERANDE FELLESSKAP

Vi er skapt til fellesskap med kvarandre. I kyrkja skal alle kjenne seg velkomne slik ein er. Det betyr å leggja til rette og førebu for alle som kjem. I fellesskapet skal alle få moglegheit til både å gje og å ta imot som likeverdige.

Bibelforteljingar om; kvinnen ved brønnen,

Sakkeus i treet og Jesus og barna, er eksemplar for ettertanke. (Joh. 4.1-30, Lukas 19.1-10, og Lukas 18.15-16.) Jesus helbreda mennesker, førte utestengte tilbake og inn i fellesskapet, ei oppgåve i vår tid handlar om einsemd, utanforskap og heva menneskjeverdet.

**VERN OM SKAPARVERKET:** Guds skapte jorda og alt som hører den til. Forvaltaransvaret inneber å ta vare på og verne om alt det skapte. (1.Mos.1.28. og 2.15.) Eige forbruk og livsstil er med og lærer oss og å forstå oss sjølve som ein del av Guds skaparverk. Bærekraftmåla utfordrar til miljøengasjement og grøn kyrkjelyd. Vi feirar skaparverkets dag og hausttakkefest, men vi kan gjera meir saman.

**KAMP FOR RETTFERDIGHET:** Alle menneske har rett til å leve i fridom og ha eit verdig liv. ( Jesaja 5. 6-7 og 5.Mos. 15.28.) Kyrkja si oppgåve er å fremja rettferd og ivareta menneskjeverdet både lokalt og globalt. Kyrkjelyden har ansvar for å engasjere seg i fordeling av ressursar og stå opp for at ingen vert krenka.

Kirkens Nødhjelp fasteaksjon eit døme for å «gjere noko for andre- til å forandra.» Fastetida er tida for utoverblikk mot nesten og innoverblikk på oss sjølve.

Diakoni er å vere engasjert og ha hjarte for menneske, så alle skal kjenna seg

velkomne! Taushetsplikta er vegen til tillit, så ta gjerne kontakt om du treng det.

*Ingunn Liseter diakon Seljord*

*Malteserkorset eller Johannitterkorset er diaconiens kjenneteken. I kyrkjeleg samanheng knytta til dei 4 korsarmane til kardinaldydane; klokskap, måtehold, rettferd og sjelestyrke.*

*Dei 8 spissene er dydar eller saligprisningene som etterstrebmas. Trufastheit, fromheit, frimodigkeit, tapperheit, heder og ære, forakt for døden, omsorg for de fattige og sjuke, og omsorg for kyrkja. rakheit og mot under forfølging og motgang. Fargane har verdi til den kristne trua, der korset er Kristussymbolet.*

## Teater Fabel presenterer Voluspå vs. Draumkvedet – tid, drøm og visjoner



Hæge Manheim og Inger Merethe Johnsen

**Seljord kyrkje 12.01.23 kl. 19:00.**

Likskap og ulikskap mellom Volva sine visjonar i Eddadiktet Voluspå, og visjonane i Draumkvedet. Eksistensielle tankar framført med resitasjon, song og kveding.

Inngang kr. 200,-, vippes og kontant i døra.

Arrangør: Seljord sokneråd og Seljord sogelag.

## Hogst i kyrkjeskogen



Kyrkjeskogen

I Flatdal er ein skogeigedom som hører til Flatdal kyrkje. Det er det nye Seljord sokn som har denne eigedommen no etter samanslåinga av dei tre sokna til eitt. Denne eigedommen blir brukt nesten som eit offentleg friområde av skulen, barnehagen og idrettslaget i Flatdal, med ljosløype, gapahuk, gangvegar og skogbotn som innbyr til mange aktivitetar. I fjor haust blest det ned mange tre, særleg langs den austlege gangvegen, som er ein del av ei løype som er kalla «Kyrkjeskogen rundt». Då blei det spørsmål om å ta vekk dei nedblåsne trea, og om det skulle hoggast tømmer i dette området. Etter ei synfaring vedtok soknerådet samråystes å hogge der, og å få AT Skog til å gjera jobben. Somme bygdefolk har stilt seg negative til denne hogsten fordi dei meinte området blei kraftig forringa som rekreasjonsområde. Men soknerådet meinte at sidan skogen der var hogstmogen med ein del daude tre, og at alternativet til å hogge var at mykje meir av skogen ville blåse ned, så

ville området bli endå styggare med store rotvelter dersom ein ikkje hogg. Den høge, fine granskogen som står der er utsett for røte og vind, og vil snart uansett vera historie. Skulen og barnehagen brukar eit område på austsida av gapahuken som dei kallar «Hundremeterskogen». Der er det mosekledd og fin skogbotn som eignar seg til leik, og det er tenkt å la det mest brukte området bli ståande urørt. Men det er andre område i nærliken av gapahuken som kan bli nye hundremeterskogar, det er berre å ta dei i bruk. Det er godt håp om at denne skogsdrifta ikkje vil øydeleggje skisesongen i ljosløypa, dersom ikkje noko u-forsett skjer for AT Skog. Det er berre vegen fram til leggeplassen for tømmer og sjølve leggeplassen som blir lagt beslag på ved tømmerdrifta. Det har blitt undersøkt om kyrkjeskogen er eit område som kunne fredast og gjerast til naturreservat, men kyrkjeskogen eignar seg ikkje til det, blei det opplyst.

Jon Svartdal



Gapahuken i kyrkjeskogen

# Gudstenester

## 3.s.i adventstida – 11. des

Nes bedehus kl 11.00  
Servering etter messa.  
Offer: Nes bedehus

## 4.s.i adventstida – 18. des

Nutheim kapell kl 19.00  
Servering etter messa.  
Offer: Ungdomsarbeidet

## Joleftan – 24. des

Flatdal kyrkje kl 15.00  
Seljord kyrkje kl 15.00  
Seljord kyrkje kl 16.00  
Offer: Kirkens Nødhjelp

## 1. joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl 12.00  
Offer: Misjonsprosjekt NMS

## 4. juledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl 17.00  
Jolefest på Grendehuset etter messa.  
Offer til Betel og kyrkjelydsarbeidet

## Nyårsfeftan – 31. des

Seljord kyrkje kl 16.00  
Offer: Kirkens SOS Telemark

## Kristi openberring – 08. jan

Manndal kapell kl 17.00  
Servering etter messa  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 2.s.i.openberring – 15. jan

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 3.s.i.openberring – 22. jan

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Misjonsprosjekt NMS

## 4.s.i.openberring – 29. jan

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Misjonshuset

## Såmannssundag – 05. febr

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Bibelskapet

## Kristi forklæringsdag – 12. febr

Seljord kyrkje kl 18.00  
Taraldsmesse i samarbeid med  
Sogelaget. Samling på Øvre Klomset  
etter messa.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Fastelavnssundag – 19. febr

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Trusopplæringa

## Oskeonsdag – 22. febr

Seljord kyrkje kl 19.00  
Messe med skriftemål og nattverd  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 1.s.i fastetida – 26. febr

Inga messe i Seljord sokn

## 2.s.i fastetida – 05. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 3.s.i fastetida – 12. mars

Seljord kyrkje kl 11.00  
Familiegudsteneste – Tysdagsklubben  
deltek  
Offer: Tysdagsklubben

## 4.s.i fastetida – 19. mars

Åmotsdal kl 12.00 – utemesse  
Offer: Helg & Høgtid

## Maria bodeskapsdag – 26. mars

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Diakoniarbeidet

## Palmesundag – 02. april

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Misjonsprosjektet NMS

## Skjertorsdag – 06. april

Nutheim kapell kl 19.00  
Offer: Ungdomsarbeidet  
**Langfredag 07. april**  
Manndal kapell kl 11.00  
Seljord kyrkje kl 19.00  
Offer: Kirkens SOS Telemark

## Påskedag – 09. april

Seljord kyrkje kl 11.00  
Svartdal kapell kl 15.00  
Offer: Misjonsprosjektet NMS

## 2.s.i påsketida – 16. april

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Kirkens familievern

## 3.s.i påsketida – 23. april

Åmotsdal kyrkje kl 11.00  
Tårnagentgudsteneste  
Offer: Trusopplæringa

## 4.s.i påsketida – 30. april

Seljord kyrkje kl 11.00  
Tårnagentgudsteneste  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 5.s.i påsketida – 07. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Offer: Diakoniarbeidet

## 6.s.i påsketida – 14. mai

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Grunnlovsdag – 17. mai

Seljord kyrkje kl 10.30  
Flatdal kyrkje kl 12.00  
Åmotsdal kyrkje kl 14.30  
Offer: Barnearbeidet

## Sundag før pinse – 21. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00  
Samtalegudsteneste konfirmantane  
Offer: Ønsket & Elsket

## Pinsegodag – 28. mai

Seljord kyrkje kl 11.00  
Offer: Misjonsprosjektet NMS

## Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

